



Årsmelding for Førde IL skiskyting 2024

Skiskyttarstadionet på Langeland er opna!

2024 vil for alltid stå som eit merkeår for skiskyttargruppa i Førde I.L., eit år prega av mykje innsats og fleire store hendingar! Vi nemner:



Frå venstre: Ole Jakob Sande-prosjektleiar, Torbjørn Os- leiar Skiskyttargruppa, Jenny Følling- Ordførar Sunnfjord Kommune, Arne Holter- president Norges Skiskytterforbund og Kjetil Bjørset- leiar Langeland Ski- og fritidssenter.

foto: Lars Grøteide

Opning av skiskyttarstadion

Etter mange år med stor innsats frå både medlemmar av skiskyttargruppa og Langeland ski- og fritidssenter opna vi skiskyttarstadionet på Langeland den 8. desember 2024.

Stor takk til alle som har bidrege med dugnad, til våre sponsorar og til vår gode samarbeidspart Langeland Ski- og fritidssenter.

Årets frivillig!

Torbjørn Os vår leiar gjennom 30 år! vart kåra til årets frivillig i Norges skiskytterforbund- intet mindre. Årsmøtet gratulerer med vel fortent pris. og vi takkar for ein enorm innsats i alle desse åra, men særleg i 2024 med ein enorm dugnadsinnsats. Utan Torbjørn hadde vi ikkje hatt eit ferdig anlegg i dag.

I 2024 har vi hatt fire aktive utøvarar:

Tre jenter som leverer knallgode resultat og ein herremann som leverer år etter år.



Ida Frøysland, foto: Robert Frøysland



Ingeborg Rørvik, foto: Gert Rørvik



Karoline Erdal foto: Stancik Media



Herman Erdal, foto Reidar Helland.



Torbjørn Os, årets frivillige i Norges Skiskytterforbund.



Torbjørn og presidenten i Norges Skiskytterforbund Arne Holter. Foto: Lars Grøteide

Tenk at leiaren av vår vart årets frivillig blant alle frivillige i heile den norske skiskytterfamilien. Det er fantastisk! Det er vel fortent!

Ein eldsjel med stort tolemot, eit mildt vesen og eit klokt hovud ligg til grunn for den store innsatsen Torbjørn har vist i gjennom 30 år som leiar. Vi må særleg nemne innsatsen dei to siste åra under sjølve utbyggingsfasen og med organisering av dugnader. Når vi spør Torbjørn om kor mange timar han har jobba dugnad i 2024 får vi berre eit lurt smil som svar. Det er det nok mange gode grunnar til.

Som vinnar av prisen er Torbjørn med følgje invitert av skiskytterforbundet til Worldcup i Holmenkollen 21.-23. mars 2025. Vi takkar, gratulerer og ynskje Torbjørn med utvalde god tur til Oslo. Vi håpar helga vert både minnerik og fantastisk.

Skiskytterforbundet forklarar prisen slik:

Torbjørn har vore leiar for skiskyttargruppa i Førde I.L. i 30 år. Han har utmerkt seg med sin 20 års lange innsats med å få på plass eit nytt skiskyttaranlegg knytt til Langeland Ski- og fritidssenter. Den 8. desember i år vart anlegget, med 10 Megalink-skiver, endeleg opna. Han har også lagt til rette for at anlegget kan utvidast. Dette har krevd mange år med tolmod og hardt arbeid. Han har koordinert arbeidet, sikra riktig kvalitet, bidratt med endringar når det trengst og organisert dugnader. Torbjørn har også leia bygginga av anlegget, og vore klubbens kontaktperson i alt arbeid utført av profesjonelle entreprenørar. Det er ingen tvil om at Torbjørn har mange dugnadstimar bak seg!

Juryen som skulle velgje vinnaren bestod av Gunhild Kvistad, Visepresident organisasjon i NSSF, Annelise Flaa, styremedlem, Morten Djupvik, generalsekretær, Vegar Rolfsrud, breidde- og rekrutteringsansvarleg og Andreine Øverlang Hatling, aktivitetskonsulent og sekretær for ungdomsutvalet.

Les og sjå meir om dette her: [Firda 19.desember 2024](#)

<https://www.facebook.com/arnhild.mallasvik/videos/1870801316998055>



Styrearbeid

Styret for 2024

Leiar:	Torbjørn Os
Kasserar	Irene Skilbrei
Skrivar	Lars Grøteide
Styremedlem	Bjørn Olav Espe

Hovudfokuset har også i år vore retta mote nytt skiskyttaranlegg på Langeland. Torbjørn har organisert all dugnad og han har vore vår representant i anleggsgruppa saman med Ole Jakob Sande og Kjetil Bjørset frå Langeland Ski- og fritidssenter, som står som formell eigar av anlegget. Vi skylder Irene ein stor takk som også i år held god kontroll på økonomien vår.

Erdal Sport gav kr. 200 000.- til 10 Megalink-skiver



foto: Karoline Erdal

Sjølvs om gåva formelt sett gjekk til Langeland ski- og fritidssenter er dette eit så stort løft for skiskyttarfamilien i Sunnfjord at vi finn det riktig å nemne også i vår årsmelding.

Vi takkar Irene, Herman og heile Erdal Sport for denne umåteleg flott gåva. Vi er sikre på at skivene vil føre til mykje aktivitet, glede og interesse i åra som kjem.

Les og sjå meir om dette her: [Firda 17. november 2024](#)

INTERSPORT
ERDAL SPORT, FØRDE



Aktive utøvarar:

Dei er få, men til gjengjeld er dei rasande gode.



Her er Ida knipsa saman med ein Johannes frå Stryn.

Foto: Robert Frøysland

Ida Frøysland

Det er berre å merke seg namnet- Ida Frøysland. Så lenge ho vil, held fram med det gode treningsarbeidet og syner like gode resultat som i 2024 så kan vi glede oss til komande sesongar.

Ida likar seg best på pallen også i nasjonale renn og om ho «berre» blir nr. 8 av 40 startande på Kvalfoss-sprinten vil ho nok nemne fleire forbedringspunkt som kunne ha betra resultatet. Det syner ei jente med vilje og mål til å nå gode resultat. Det likar vi!

Under ser du nokre av resultata til Ida frå 2024:

29.12.2024	ØTS Romjulsprint	Sprint	1	12:58.2	+0:00
21.12.2024	Kretsrenn kort normal	Normal	1	21:16	+0:00
01.12.2024	SpareBank1 Cup Geilo 1.12	Fellesstart 2 skytinger	4	16:44.4	+0:32
30.11.2024	SpareBank1 Cup Geilo 30.11.2024	Sprint	3	14:25.2	+0:18
09.08.2024	Finale test	Sprint 2024 Fredag	Fullført		
03.08.2024	Blink 2024 - 13-22 år - Lørdag finaler	Sprint 2024 Lørdag	2	10:14.5	+0:12
02.08.2024	Blink 2024 - 13-22 år - Fredag	Sprint 2024 Fredag	2	10:43.7	+0:05
14.04.2024	Bama Liatoppen Skiskytterfestival 2024 - søndag	Fellesstart 2 skytinger	8	18:56	+1:07
13.04.2024	Bama Liatoppen Skiskytterfestival 2024 - laurdag	Sprint	11	15:43	+1:35
13.04.2024	Bama Liatoppen Skiskytterfestival 2024, individuelle konkurransar - påmelding	Individuelle konkurransar 2024	Fullført		
10.03.2024	Bama skiskytterfestival Bjerke, KM Fellesstart (Sprint nybeg)	BAMA	1	17:41.4	+0:00
17.02.2024	Hovedlandsrennet 2024- Normal	Normal	4	21:10.1	+0:58
16.02.2024	Hovedlandsrennet 2024- Skiskyttercross	Cross	18	16:38.3	+2:20
11.02.2024	LM Boliden_Green Zink cup 4 Normal	Normal	2	22:32	+2:16
11.02.2024	BACKUP LM Boliden_Green Zink cup 4 Normal_kopi	Normal	2	20:32	+0:16
10.02.2024	Backup LM Boliden_Green Zink cup 3 sk.cross og sprint_kopi	Sprint	1	16:29	+0:00
10.02.2024	LM Boliden_Green Zink cup 3 sk.cross og sprint	Sprint	1	16:29	+0:00
04.02.2024	Skiskyttercross 4. feb	Skiskyttercross	2	16:45.9	+0:54
28.01.2024	Bama Skiskytterfestival - Kvalfoss-sprinten, Normal	Normal	4	23:45.0	+0:50
27.01.2024	Bama Skiskytterfestival - Kvalfoss-sprinten, Sprint	Sprint	8	17:07.5	+2:11
21.01.2024	KM sprint	KM	DNS		
20.01.2024	KM Normal	KM Normal 8-16år	1	19:56	+0:00



Ida ein skiskyttar med MOT

Ida Frøysland vart tildelt MOT-prisen for 2024! Vi gratulerer.

Denne prisen går til ein gut og ei jente frå kvar region og set fokus på det heilskaplege mennesket. Prisen vert tildelt til den som syner gode haldningar og verdiar som gode rollemodellar og positive bidragsytarar til lagmiljøet. Prisen handlar om kven utøveren er som menneske og ikkje kva dei presterer innan idretten.

Prisen vart delt ut under sesongopninga på Sjusjøen no i haust. Dei 14 vinnarane fekk også utdelt landslagsutstyr, dei fekk trene med landslaget og deira trenarar. Far Robert fortel også at reise og opphald vart dekkja av skiskyttarforbundet.



foto: Lars Grøteide



Foto: Bjørn Martini

Herman Erdal

Herman held koken også i skiløypene og med våpen på ryggen. Han tok sølv under NM i klassa for litt eldre herrer og deltok i Winter World Master Games i Lombardia der han vart nummer 12 og 16. (Også kalla veteran OL)

Du kan lese meir om det her:

<https://wwmglombardia2024.it>



Foto: Gert Runar Rørvik

Ingeborg Rørvik

Ingeborg som starta med skiskyting i 2022 og fekk raskt gode resultat. Vi i gleder oss i lag med Ingeborg over at ho også utviklar seg mykje i 2024. Ingeborg er absolutt også eit namn å merke seg, til liks med kusina Ida.

Ingeborg går no på NTG Toppidrettsgymnaset på Geilo og satsar verkeleg på skiskyting. Held ho fram den utrulege utviklinga vert det verkeleg spanande å følgje Ingeborg i sesongane som kjem.

Når ser vi Ingeborg på pallen i eit NM?

Her er nokre av resultata til Ingeborg frå 2024:

14.12.2024	ASKO CUP Lygna - Sprint 14.12.24	Sprint	8	20:44.7	+1:44
01.12.2024	SpareBank1 Cup Geilo 1.12	Fellesstart	9	32:03.5	+2:37
30.11.2024	SpareBank1 Cup Geilo 30.11.2024	Sprint	2	19:40.5	+0:38
22.09.2024	NM Rulleskiskyting 2024 Fellesstart	Fellesstart 7,5km	12	33:01.6	+2:45
21.09.2024	NM Rulleskiskyting 2024 Sprint	Sprint 6km	9	23:22.7	+2:51
06.04.2024	ASKO Cup Finale Fellesstart	K17-19 ASKO Cup Fellesstart	27	31:33.5	+4:14
06.04.2024	ASKO Cup Finale Fellesstart Påmelding	ASKO Cup Finale Fellesstart		Fullført	
05.04.2024	NM Skiskyting sprint 2024 Kvinner	Sprint Kvinner	90	27:37.2	+4:38
16.03.2024	ASKO Cup Tromsø Sprint	Sprint Ungdom	26	25:26.3	+3:41
15.03.2024	NM Junior/Ungdom Normal ASKO Cup 6 Senior	NM Normal	18	41:31.2	+5:53
14.03.2024	ASKO Cup Tromsø Treningsdag	Sprint Ungdom		Fullført	
25.02.2024	IBU Regionalt Event/ASKO Cup Fossum sprint	K17-19 (3 x 2,0 km)	6	21:16.9	+1:23
24.02.2024	IBU Regionalt Event/ASKO Cup Fossum Kort Normal	K17-19 (5 x 1,5 km)	5	32:22.4	+1:44
11.02.2024	LM Boliden_Green Zink cup 4 Normal	Normal	1	42:35	+0:00
11.02.2024	BACKUP LM Boliden_Green Zink cup 4 Normal_kopi	Normal	1	35:50	+0:00
10.02.2024	LM Boliden_Green Zink cup 3 sk.cross og sprint	Sprint	1	22:49	+0:00
10.02.2024	Backup LM Boliden_Green Zink cup 3 sk.cross og sprint_kopi	Sprint	1	22:49	+0:00
03.02.2024	NM Ungdom Fellesstart 17-19 år	Fellesstart	11	32:18.9	+2:29
02.02.2024	NM Ungdom Sprint 17-19 år	Sprint	7	21:05.0	+0:37
21.01.2024	KM Normal - New Boliden Green Zinc Cup 2	KM Normal - New Boliden Green Zinc Cup 2	1	42:30	+0:00
14.01.2024	ASKO CUP LYGNA Sprint/Fellesstart	Fellesstart	18	29:32.7	+4:07



Karoline er ein av utøvarane på Team Havland foto: @loctei

Karoline Erdal

Karoline held fram sin imponerende karriere. Ho kjempar på for å nå verdstoppen og manglar berre det eine vetle kneppet for å være blant dei aller beste i heile verda. Måtte det skje i 2025!

Her er Karoline sine eigne ord om sesongen 23/24:

«Sesongen 2023-24 Sesongen starta veldig bra i IBU cupen med siger og fleire podium. På grunn av desse resultata kom eg meg til WC i Lenzerheide der eg klarte å kvalifisere meg til min første fellesstart! Det var veldig stas! Der enda eg på 20. plass. Etter dette gjekk det litt nedover og EM vart ein stor skuffelse for min del. Eit plaster på såret var at eg vant eit IBU cup renn helga etter med 10 treff på sprinten i Arber. Sesongen begynte å gå mot slutten og avslutningsrenna i IBU cupen var ok - men mangla det siste kneppet til det heilt store. Runda av konkurransesesongen med bronse på NM fellesstart på Geilo. Min første medalje i NM samanheng i Senior! Alt i alt mykje bra å ta med seg men absolutt stort forbedringspotensiale også.»



Fantastisk med pallplass, NM 2024!

foto: @torilny



Mot seier på sprinten i IBU- cupen 3. feb. 24, foto: Greta Valancic/ VOIGT



Under ser du Karoline sine resultat frå nasjonale renn:

15.12.2024	ASKO CUP Lygna - Sprint 15.12.24	Sprint	1	24:34.7	+0:00
14.12.2024	ASKO CUP Lygna - Sprint 14.12.24	Sprint	4	22:23.2	+0:16
16.11.2024	Sesongstart Skiskyting 2024	Fellesstart Søndag	Fullført		
16.11.2024	Sesongstart Skiskyting 2024	Sprint Lørdag	Fullført		
22.09.2024	NM Rulleskiskyting 2024 Fellesstart	Fellesstart 12,5km	7	36:15.0	+1:11
21.09.2024	NM Rulleskiskyting 2024 Sprint	Sprint Senior,20-22	6	20:28.1	+1:39
02.08.2024	Blink 2024 - Senior Elite	Sprint - Senior	Fullført		
06.04.2024	NM Skiskyting Fellesstart 2024 påmelding	NM Fellesstart	Fullført		
06.04.2024	NM Skiskyting Fellesstart 2024 Kvinner	NM Fellesstart	3	38:11.4	+0:21
05.04.2024	NM Skiskyting sprint 2024 Kvinner	Sprint Kvinner	65	26:47.6	+3:48

Her er Karoline sin internasjonale resultat frå 2024:

SEASON	COMPETITION	CUP	VENUE	RANK	SHOOTING
23/24	Mass Start 60	IBU C.	OBERTILLIACH	17	0 2 0 1
23/24	Sprint	IBU C.	OBERTILLIACH	7	1 1
23/24	Short Individual	IBU C.	OBERTILLIACH	6	1 0 1 1
23/24	Single Mixed Relay	IBU C.	OBERTILLIACH	1	
23/24	Pursuit	IBU C.	OBERTILLIACH	6	3 1 1 1
23/24	Sprint	IBU C.	OBERTILLIACH	6	2 0
23/24	Sprint	IBU C.	ARBER	1	0 0
23/24	Sprint	IBU C.	ARBER	23	2 1
23/24	Pursuit	ECH	BREZNO	18	0 1 2 0
23/24	Sprint	ECH	BREZNO	38	2 1
23/24	Individual	ECH	BREZNO	21	0 2 0 1
23/24	Single Mixed Relay	IBU C.	RIDNAUN	1	
23/24	Mass Start 60	IBU C.	RIDNAUN	8	2 0 1 0
23/24	Sprint	IBU C.	RIDNAUN	7	1 0
23/24	Pursuit	WC	OBERHOF	42	1 0 1 1
23/24	Sprint	WC	OBERHOF	47	0 3
24/25	Pursuit	IBU C.	GEILO	20	2 1 1 2
24/25	Sprint	IBU C.	GEILO	15	0 2
24/25	Individual	IBU C.	GEILO	19	0 2 0 2
24/25	Pursuit	IBU C.	IDRE FJAELL	12	0 0 2 4
24/25	Sprint	IBU C.	IDRE FJAELL	14	2 2
24/25	Sprint	IBU C.	IDRE FJAELL	5	0 1



Dugnad 2024


Det vart lagt ned ein stor innsats i form av dugnad for å gjera skiskyttarstadionet klar til opning og bruk. Under kan du sjå nokre bilete frå støypinga av sålen er blinkane står no. foto: Torbjørn Os og Lars Grøteide





Stor takk til alle som deltok på dugnad:

- Bjørn Olav Espe
- Gert Rørvik
- Herman Erdal
- Ingvald Os
- Lars Grøteide
- Ola Sølvsberg
- Ole Martin Erdal
- Robert Frøysland
- Torbjørn Os





Opning av skiskyttarstadion

Ein draum, ein visjon og konkrete mål har vorte til røyndom. 8. desember 2024 kunne vi i samarbeid med prosjektgruppa invitere til opning av skiskyttaranlegget på Langeland ski- og fritidssenter.

Presidenten i skiskyttarforbundet Arne Holter var der og ordførar i Sunnfjord kommune Jenny Følling var der saman med andre inviterte gjester som alle på ulikt vis har bidrege til realisering av eit fantastisk anlegg som vil gjera Langeland ski- og fritidssenter til ein enno meir attraktiv arena for både idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Sjølve opninga vart gjort ved at president og ordførar fekk æra av å skyte dei fyrste skota på anlegget. Før det var det snittar, kaffi og kake i lagshuset godt iblanda med fine ord og gode talar.

Førebels er det montert opp 10 Megalink-skiver, men alle som var tilstades høyrde at det er von om finansiering også av dei siste 10 skivene. Vi håpar det vil skje om ikkje så lenge.

Her er nokre bilete frå opninga:



